

Prioritering av leverandører for oppfølging



God planlegging kan sikra at dei etiske krava som blir stilte til ein leverandør, er relevante. Då er det også lettare å følgja opp med leverandørane i avtaletida, etter at kontrakten vart inngått. Ved nokre innkjøp er det høgare risiko for brot på grunnleggjande menneskerettar og arbeidsvilkår på arbeidsplassane i leveransekjeda: Difor er det nyttig å tenkja risikostyring og finna ut kva for leverandørar ein bør følgja opp først.

Her er nokre vurderingar som kan vera til hjelp i prioriteringa:

Strategisk tyding:

- Kor stort er innkjøpet?
- Kor viktig er innkjøpet?
- Kor ofte blir denne vara eller tenesta kjøpt?
- Kor lang er kontrakten med leverandøren?

Type produkt eller teneste:

- Er det knytt høg risiko for brot på grunnleggjande menneskerettar til denne vara eller tenesta?

Leveransekjeda:

- Kor komplisert er leveransekjeda?
- Kan vara/tenesta sporast gjennom kjeda?
- Er alle produksjonsledda synlege?
- Kor langt frå deg i kjeda skjer sjølve produksjonen av vara eller leveringa av tenesta?

Leverandøren:

- Har du god kjennskap til denne leverandøren?
- Har leverandøren tidligare hatt problem med brot på menneskerettane på arbeidsplassen?
- Har leverandøren hatt tidligare kontrollar eller rapportert om etisk handel til andre kundar?
- Har leverandøren eit eige program for etisk handel? Tek programmet opp dei etiske krava i kontrakten?
- Har leverandøren gode interne rutinar og prosessar?

Offentleg profil

- Korleis kan dette innkjøpet påverke den offentlege profilen til verksemda?